

INNSPEL TIL KOMMUNEPLAN –


Hermansverk – Gnr/bnr 217/80 og del av 217/24.



Saka gjeld <i>Stadsnamn, tema for plan</i>	Innspel til kommuneplan - Bustadar og utbyggingsstruktur Leikanger i Sogndal kommune
Gnr/bnr	GNR/BNR 217/80 og delar av 217/24
Forslagsstillar	Sognehus AS

Bakgrunn

Det er ynskje om å avsette av eigedom 217/80 og del av 217/24 til bustadføremål.
Tilkomst til bustadfeltet vil skje via eksisterande avkøyring frå Rv13/Sognefjordvegen.

Beskriving av området







Teigen som foreslås avsett til bustadføremål, omfatte ca. 16 daa og ligg langs Rv13/Sognefjordvegen i Leikanger og ca. 500m vest for sentrum. (Utsnitt over er henta frå google.no/maps). Arealet er pr. i dag avsett til bustadføremål og LNFR-føremål i gjeldande kommuneplan (utsnitt t.h.).

217/80 er i dag delvis dyrka mark men er avsett til bustadføremål. 217/24 er avsett til LNF, men er i stor grad gjengrodd av lauvtrær, i tillegg til at arealet inneheld ein gammal bustad og nokre fruktrær. Det er sentrumsnært og ligg fint sørvendt mot Sognefjorden. I nord og vest er det landbrukseigedommar, og i sør grense området mot gangveg og Rv13. Det eksisterande bustadfeltet i aust, består primært av frittliggjande einebustader og nokre fleiremannsbustadar.

Det er stort behov for nye einebustadar i området, så det er ynskjeleg å leggje vekt på dette og kjeda einebustadar. Ein ser føre seg at det kan være aktuelt å leggje til rette for ca. 20 bueingingar.



I følge NIBIOs gardskart, består eigedomen primært av fulldyrka jord.



Kulturminne, naturmiljø, landbruk og friluftsliv

Kulturminne

Jfr. Riksantikvarens database Askeladden, er det ikkje registrert nokre kulturminne på areala som ynskjust avsett til bustadføre mål.



Naturmiljø

Jfr. Miljødirektoratets Naturbase og Artskart finst det ingen registreringar av viktige naturtypar, artar eller framande artar på areala som ynskjust avsett til bustadføre mål.

Friluftsliv

Eigedomen ligg nær, men ikkje innafør det kartlagte friluftslivsområde Henjavegen - via Ådengarden - hermansverk (Grønkorridor). Korridoren ligg på vestsida av avkøyringa til eigedomene og omfatte adkomstvegen nemnd Ådnegarden.



Grunnforhold og ras-/skredfare

Grunnforhold


Av lausmasser er det i høve til NGUs Arealis ulike lausmassar i området. Lengst nord er det breelavsetning som dominere, mens mot sør er det både morene materialar og elve- og bekkeavsetningar. På eigedom 217/80 er det primært elve- og bekkeavsetningar.



Ras-/skredfare

Eigedomane er lokalisert under marin grense og med mogleg marin leire i grunnen.

Jfr. NVE Atlas er areala ikkje rørt av aktsemdområder for jord- og flaumskred eller snøskred og steinsprang.



Forureining


Grunnforureining

Ifølge NGU ligg planområdet i eit område kor det er registrert moderat til lav aktsemd (gul, aktsemdgrad 1) samt noko usikker aktsemd (grå, aktsemdgrad 0).



Støy

Ifølge SVVs støykart (utsnitt t.h), ligg deler av eigedomane innafør gul støysone til Sognefjordvegen/Rv13.



Infrastruktur

Vatn/avlaup/spillvatn

Det er kommunalt VA-anlegg i området.

Flaumveg

Det er ikkje registrert elv/bekk/vatnveg over eigedomen j.fr. NVE Atlas (utsnitt t.h.). Den næraste elva ligg ca 130m aust for området.

Renovasjon

Sogn interkommunale miljø- og avfallsselskap, SIMAS hente avfall i området.

EL

Ingen høgspenningar krysse eigedomane.



Med vennleg helsing
for Sognehus AS

MjøsPlan AS v/Line Irene Danielsen (sign)